



Arkiv nr:

Sak nr 31/2022

Møtedato: 23.11.22

Møtestad: Slidre


Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S591, Nørre Trøllhøvd – godkjenning av stølsutviding

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA PÅ SIDE 2

Knut Sigurd Rødningen søkjer om nytt areal på 1,2 daa som ligg inntil eigen støl (Fnr 591) på Nørre Trøllhøvd.

Kart som viser omsøkt areal:



Grunngeving er at dette vil kunne avhjelpe på den situasjonen med mange kjøttfe som samlar seg rundt hans innkøring.

Følgjande reglar gjeld jfr Seterforskrifta § 20:

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtger behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn. Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

Vurdering:

Det ynskja arealet er pr definisjon ikkje kartlagt som «dyrkbart areal». Dette er riktignok ein grov kartlegging, og på andre sida av stikkvegen inn til stølen er det dyrkbart areal. Dette er og ein logisk utviding av stølsjordet, då det naturleg høyrer til grunna stikkvegen som går inn til stølen

Det er planlagt parkeringsareal for vinterparkering på austsida av stikkvegen til stølen, men dette er per no ikkje opparbeida. Denne stølsutvidinga vil heller ikkje gje negative følgjer for eventuell framtidig parkeringsplass.

Ut i frå eit ynskje om ein logisk utviding av stølsjordet inntil eigen stikkveg, samt at det kan gjera situasjonen tryggare med dei forbi-passerande flokkane med ammekyr baa for eige dyr samt for andre – tilrår administrasjonen denne tilleggsjorda/utvidinga.

Naturmangfaldlova § 8-12:

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

§ 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning har ein vurdert evt auka avrenning frå dyrka mark til nærliggande vassdrag som liten. Ein kan dermed ikkje sjå at det vil vera samla ulemper av avgjerande karakter.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Oppsummert tilrår administrasjonen ei utviding av støljordet S591 med ca 1,2 daa som omsøkt. Det må avklarast gjerdeløve frå Statskog. Vidare bør det setjast krav til minsteavstand frå stølsvegen for å sikre grøfterensk/vanleg drift.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret er positiv til omsøkt tilleggsjorde frå Knut Sigurd Rødningen (S591), og legg søknaden ut til offentleg ettersyn jfr seterforskrifta § 20.

Vedtak:

Fjellstyret er positiv til omsøkt tilleggsjorde frå Knut Sigurd Rødningen (S591), og legg søknaden ut til offentleg ettersyn jfr seterforskrifta § 20.

Vedtaket er samrøystes.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA:

Saka har vore på offentleg høyring i perioden 05.09 – 05.10 2022. Det er komme inn følgjande høyringsuttaler:

Statskog:

Dei meiner det er betre å nytte seterforskrifta § 6, og godkjenne dette som ein stølsutviding. Statskog er positiv til tiltaket, og gjev samtidig løve til oppføring av gjerde på omsøkt areal.

Vestre Slidre kommune – landbruksavdelinga:

Ser positivt på tiltaket, og meiner dette er eit enkelt og godt grep for å avhjelpe situasjonen med dei mange kjøttfea som samlar seg rundt stølen.

Innlandet fylkeskommune – kulturvern:

Det er ikkje kjente automatisk freda kulturminne innanfor eller inntil tiltaksområdet. Dersom det vert funne automatisk freda kulturminne under bakken som ikkje er synlege pr nå (inkludert sikringsssone på 5 meter), skal arbeidet stansast og melding sendes Innlandet fylkeskommune – kulturarvseksjon.

Oppsummering:

Det er ingen negative merknader til denne stølsutvidinga. Ein kan heller ikkje sjå at omsøkt tiltak vil kunne ha negative verknader for verken beiteinteresser, friluftsiinteresser eller andre forhold.

Med det som utgangspunkt tilrår ein å godkjenne omsøkt tiltak med utviding inntil ca 1,2 daa, der dette kan gjerdast inn. Dette vert handsama som utviding av stølsjorde med heimel i seterforskriften § 6.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret er positiv til omsøkt stølsutviding frå Knut Sigurd Rødningen (S591), og godkjenner søknaden med heimel i Seterforskriften §6.

Vedtak:

Fjellstyret er positiv til omsøkt stølsutviding frå Knut Sigurd Rødningen (S591), og godkjenner søknaden med heimel i Seterforskriften §6.

Vedtaket er enstemmig

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Vedlegg: Melding om klagerett

Utskrift:
Statskog SF
Stølsbrukarar
Stølsvegen
Innlandet fylkeskommune
Vestre Slidre kommune